



Arkivsaknr: 2026/3764-10
Sakshandsamar: Nadia Margrethe Molland
Avdeling: Stab - Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Hjelmås handelslag LL - søknad om sal av alkohol i digitalt bemanna butikk

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for levekår	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Søknad på sal av alkohol i fjernbetent butikk vert avslått då det vert vurdert at den omsøkte digitale løysinga ikkje i tilstrekkeleg grad oppfyller krava i alkohollova til forsvarleg kontroll og ansvarleg sal.

Klageadgang: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak jfr. Forvaltningslova §29.

Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for levekår.

Saka gjeld

Søknad om sal av alkohol i digitalt bemanna butikk.

Saksopplysningar

Hjelmås handelslag LL er frå tidlegare innvilga salsløyve for alkohol og søkjar om løyve til å også selje alkohol i tida kor butikken er fjernbetent.

Butikken vil vere bemanna:

Mand til torsd: kl. 09 - 17 (Fjernbetent frå kl. 17).

Fredag: kl. 09 – 18. (Fjernbetent frå kl. 18)

Laurdag: kl. 09 – 17 (Fjernbetent frå kl. 17)

Etter Alver kommune sin alkoholpolitiske plan er salstida for alkoholhaldig drikk i gr 1:

Mand til fredag: kl. 09 – 20

Laurdag: kl. 09 – 18

Helsedirektoratets si definisjon av fjernebetent butikk: *«butikklokale «bemannes» på avstand gjennom digital teknologi og samtidig at fysisk butikklokale er uten betjening. Det kan tenkes flere mulige innretninger og teknologiske løsninger, og følgelig variasjoner i grad av (fjern)betjening fra butikk til butikk» (sjå s. 7, Vedlegg 3).*

Fjernbetent butikk ved bruk av CoopKey

Føremålet med dei digitale løysningane er å leggje til rette for forsvarleg sal av alkohol også i tidsrom der det ikkje er fysisk bemanning i butikken. Digitalt bemanna drift/fjernbetent drift inneber at butikken til kvar tid er underlagt digitalt tilsyn gjennom vaktsentral, kameraoppfølging, høgtalaranlegg og tilkallingssystem ved behov. Butikken er difor ikkje utan tilsyn, men vil vere digitalt bemanna når det ikkje er fysisk personell til stades. Overgangen mellom fysisk bemanna og digitalt bemanna drift vert handtert gjennom systemstyrte rutinar som automatisk aktiverer eller deaktiverer tilgang til alkoholskapet i samsvar med salstidene. Alkohol vil berre vere tilgjengeleg i dei tidsromma alkohollova og kommunen sine reglar tillèt.

Hjelmås handel LL er ein del av Coop kjeda og er ei fullverdig dagligvareforretning som tilbyr eit breitt og variert sortiment av varer. I tillegg til matvarer tilbyr butikken eit sortiment av nødvendige hushaldningsartiklar. Butikken fører også eit mindre og sesongbasert utval av varer til høgtider og årstidsrelaterte behov, som grillutstyr, julevarer og andre relevante sesongprodukt. Butikken si hovudverksemd er sal av daglegvarer, og omsetnaden av alkohol utgjør berre ein avgrensa del av det totale varetilbodet. Alkoholhaldig drikk inngår som ein integrert del av det ordinære dagligvaresortimentet, i tråd med praksis for tradisjonelle daglegvareforretningar.

Hjelmås Handel er del av Merkurprogrammet, som er eit statleg utviklings- og støttetiltak for små daglegvarebutikkar i distrikta. Føremålet med programmet er å sikre at innbyggjarar i område med lite kundegrunnlag framleis har tilgang til nærbutikk. Mange butikkar i Merkurprogrammet fungerer også som lokale servicepunkt med tilleggsfunksjonar som post, apotekvarer, drivstoff, tipping eller kommunale tenester. Hjelmås Handel har i tillegg funksjonar som lokal serviceaktør, mellom anna med offentleg toalett og pauserom for bussjåførar.

Fleire butikkar i Merkur programmet nyttar NorgesGruppen si leverandør Liberty Now med RMA digital løysing. Hjelmås Handel, som er del av Coop-kjeda, nyttar i staden Coop sitt eige digitale system, CoopKey (sjå vedlegg 1 og 2).

CoopKey er eit digitalt system for identitetskontroll, adgangsstyring og aldersverifikasjon i fjernbetente butikkar. Løysinga byggjer på autentisering med BankID. Systemet gjer det mogleg å knyte bruk av butikken og eventuelt kjøp av aldersavgrensa varer til ein identifisert person. Dette kan bidra til å redusere risikoen for ulovleg sal til mindreårige.

1. Kunden blir identifisert ved registrering med BankID. Appen blir då knytt til ein bestemt person, og alder kan verifiserast. Dette gir grunnlag for å avgjere om kunden kan få tilgang til aldersavgrensa varer.
2. Tilgangen til butikken blir styrt ved at kunden må skanne QR-kode med CoopKey for å kome inn utanom vanleg opningstid. Systemet loggfører då kven som går inn.
3. Det skjer ein ny kontroll ved kjøp av automatvarer eller andre varer som krev legitimasjon. Kunden må då bruke funksjonen «Vis legitimasjon» i appen og legitimere seg på nytt med BankID. Deretter blir det generert ein digital hentelapp som berre kan opnast med personleg PIN-kode eller biometrisk godkjenning på telefonen. Dette gjer at varen først blir utlevert etter ny stadfesting av identitet.

Alkoholova og Helsedirektoratet si juridiske vurdering av alkoholsal i fjernbetent butikk

Stortinget har i vedtak 24.02.2026 bede regjeringa syte for at kommunar kan tillate sal av alkohol og tobakk i fjernbetente butikkar, og om naudsynt kome attende til Stortinget med forslag til lovendring (sjå vedlegg 5). Stortinget har vidare bede regjeringa varsle kommunane om at dei kan halde fram med å godkjenne slikt sal dersom dei tekniske løysingane er gode nok til å oppfylle lovkrava, fram til eventuell lovendring er lagd fram. Dette inneber likevel ikkje at kommunen har plikt til å gi løyve, men at kommunen må gjere ei konkret vurdering i kvar sak.

Saka må vurderast etter føresegnene i alkoholova. Det er kommunen som avgjer søknader om salsløyve, jf. § 1-7. Ved vurderinga av om løyve bør givast, har kommunen eit vidt skjønn, jf. § 1-7 a. Det kan mellom anna leggjast vekt på alkoholpolitiske omsyn, kontrollomsyn og lokale forhold. Alkoholova § 1-1 slår fast at formålet med lova er å avgrense i størst mogleg grad dei samfunnsmessige og individuelle skadane alkoholbruk kan medføre, og å avgrense forbruket av alkoholhaldige drikkevarer.

Helsedirektoratet har vurdert alkoholsal i fjernbetent butikk opp mot alkoholregelverket (sjå vedlegg 3). Direktoratet konkluderer med at det ikkje kan utelukkast at dagens teknologi kan ivareta relevante krav i regelverket, men at krava samla sett vil vere meir utfordrande å oppfylle enn i tradisjonelle, betente løysingar.

Særleg alkoholova § 8-11 om forbod mot sal til personar som er openbert påverka av rusmiddel, er vanskeleg å oppfylle med digitale løysingar. Direktoratet skriv i si vurdering at kravet moglegvis kan oppfyllast, men at dette krev ei skjønnsmessig vurdering. Nokre vurderingsmoment kan truleg fangast opp ved hjelp av tekniske løysingar, medan andre krev nærleik til situasjonen.

Helsedirektoratet viser til uttalen frå OUS. Der går det fram at ved vurdering via videoovervaking i ubetente butikkar vil ein ikkje kunne observere teikn som krev fysisk nærleik, som alkohollukt, snøvlete tale eller pupillstorleik. Vurderinga må derfor byggje på observerbar åtferd og motorikk. Samtidig blir det peika på at fleire av dei same teikna og symptoma òg kan skuldast skade eller sjukdom.

Direktoratet meiner også at summen av fjernbetente løysingar vil medføre svakare etterleving av regelverket enn ved fysisk bemanning.

Vurdering

Fjernbetente butikkløysingar kan vere viktige for å oppretthalde butikkdrift i små lokalsamfunn og distriktsområde. For mange små butikkar kan slike løysingar vere avgjerande for økonomi, opningstider og tenestetilbod. Kommunedirektøren har forståing for desse næringsomsyna og ser at fjernbetent drift kan vere ei god løysing for å sikre vidare drift av små butikkar i distrikta.

Den teknologiske utviklinga har gjort det mogleg å etablere avanserte kontrolltiltak. Særleg gjeld dette alderskontroll, identifisering og avgrensing av tilgang til alkoholvarer. Helsedirektoratet peikar sjølv på at fleire av desse krava i utgangspunktet kan oppfyllest ved bruk av dagens teknologi.

Samtidig er ikkje alkohol ei vare på line med andre varer. Alkohollova byggjer på at alkohol skal vere underlagt strengare kontroll fordi varen kan medføre vesentlege skadeverknader. Formålet med lova er ikkje å gjere alkohol lettast mogleg tilgjengeleg, men å avgrense skade og forbruk gjennom mellom anna kontroll med korleis sal skjer.

Kommunedirektøren legg vekt på Helsedirektoratet si vurdering av at fjernbetente løysingar samla sett vil gi svakare etterleving av alkoholregelverket enn tradisjonelle, betente løysingar. Dette gjeld særleg forbodet mot sal til personar som er openbert påverka av rusmiddel, jf. alkohollova § 8-11. Eit sentralt spørsmål i saka er om den omsøkte digitale løysinga i tilstrekkeleg grad kan oppfylle forbodet i Alkohollova § 8-11 mot sal til personar som er openbert påverka av rusmiddel. Denne føresegna stiller krav om at sal ikkje skal skje dersom kunden framstår tydeleg rusa. Vurderinga er skjønsmessig og må byggje på ei konkret og heilskapleg bedømming av kunden si åtferd, motorikk, framferd, reaksjonsevne og allmenne tilstand.

Helsedirektoratet peikar i si vurdering på at fleire av desse vurderingsmomenta vanskeleg kan fangast opp fullt ut gjennom digitale løysingar som kameraovervaking, lyd og fjernkommunikasjon. Særleg gjeld dette forhold som krev fysisk nærleik, som lukt av alkohol, snøvlete tale, finmotorikk, pupillreaksjonar og andre nyansar i framtoning og samhandling. Sjølv om ein fjernoperatør kan observere delar av kunden si åtferd, vil vurderingsgrunnlaget verte meir avgrensa enn ved personale som er fysisk tilstades. Etter kommunedirektøren si vurdering inneber dette ein reell risiko for at personar som er openbert påverka ikkje blir fanga opp, og at den digitale løysinga dermed ikkje gir same

kontrollnivå som alkohollova føreset. Dette svekkjer høvet til å sikre forsvarleg sal og talar mot at løysinga oppfyller lovkrava på ein tilstrekkeleg trygg måte.

Det må også leggjast vekt på direktoratets utale om at fråvær av fysisk bemanning svekkjer den sosiale kontrollen i salssituasjonen. Det gjeld både ved vurdering av rus, ved mistanke om langing og ved handtering av situasjonar som oppstår i butikklokalet. Etter kommunedirektøren si vurdering er det eit grunnleggjande alkoholpolitisk omsyn at sal av alkohol skal skje under strengare kontroll enn sal av ordinære daglegvarer.

Kommunedirektøren vurderer at næringsomsyna og distriktsomsyna i saka er reelle og relevante. Likevel kan ikkje desse omsyna tilleggjast avgjerande vekt når dei kjem i konflikt med alkohollova sitt formål og kravet om forsvarleg sal av alkohol. Kommunedirektøren meiner difor at omsynet til kontroll, regelverksetterleving og alkoholpolitiske mål må vege tyngst i denne saka.

Kommunedirektøren si tilråding

Søknad på sal av alkohol i fjernbetent butikk vert avslått då det vurderast at den digitale løysinga ikkje i tilstrekkeleg grad oppfyller krava i alkohollova til forsvarleg kontroll og ansvarleg sal.

Vedlegg

- | | | |
|---|--|--------------------|
| 1 | 1003-0149-6-Driftskonsept for salg av alkohol i digitalt betjent tidsrom.pdf | Offl. § 26 5. ledd |
| 2 | Svar til Alver kommune Sal av alkohol i digitalt bemanna tidsrom.pdf | |
| 3 | Juridisk vurdering av alkoholsalg i fjernbetjent butikk - Helsedirektoratet 2026 | |
| 4 | Stortinget - saksgang alkoholsal i fjernbetente butikkar 24.02.26 | |
| 5 | Stortinget - vedtak sak alkoholsal i fjernbetente butikkar 24.02.26 | |